



Geir Eidsvik fekk heidersteiknet

**To medlemmer av Bergen Turlag/Kvinnherad Turlag, Geir Eidsvik frå Uskedalen og Hermund Fenne frå**

**Herøysund, er tildelt Bergen Turlag sitt heidersteikn. Det skjedde i samband med årsmøtet.**

[Hermund Fenne fekk heidersteiknet.](#)

Heidersteiknet vert tildelt kandidatar som er medlemmer av turlaget og har gjort ein betydeleg innsats over mange år og på fleire felt av laget si verksemd.

Det vert lagt vekt på at kandidatane representerer laget på ein verdig og positiv måte. Heidersteiknet er ei nål med Bergen Turlag sitt emblem.

Hermund Fenne har vore aktiv og engasjert i lokallaget sidan skipinga av laget. Han var med heilt frå starten som medlem i interimstyret i 1998 og var styremedlem fram til 2008. Han har vore særleg engasjert i saker innan natur-og miljøvern, samt engasjert i dugnadsarbeid, spesielt merking av vinter og sommarruter. Han har heilt sidan starten vore aktiv turleiar og er framleis aktiv turleiar i laget og i dugnadsarbeid.

Geir Eidsvik frå Uskedalen har også vore aktivt med i Kvinnherad turlag sidan starten. Han er aktiv turleiar på sommar-og vinterturar, han er ein ivrig dugnadsperson for turlaget med mellom anna med løypemerking.

Eidsvik har vore aktiv med i dugnadsarbeid med drift av Fonnabu-og Breidablikk-hyttene i over 15 år og er framleis aktiv. Han har lagt ned eit betydeleg antal dugnadstimar både med oppføring av Fonnabu-hytta og vedlikehald av alle hyttene. I tillegg har han sponsa turlaget med eigen-og spesialprodusert utstyr til hyttene.

Kvinnherad Turlag gratulerer Hermund Fenne og Geir Eidsvik med velfortent heidersteikn og ønskjer å takka for

5.11.2020

Uskedal Utvikling

den flotte innsatsen dei gjer for laget!

For Kvinnherad Turlag

*AnneKari Enes*